

KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Sakshandsamar
Marte Nygård Varpe

Vår dato
29.10.2025

Dykkar dato

Dykkar ref.

Høyringsvar - forslag til endring av forskrift om driftstilskot til nasjonale minoriteters organisasjonar

Viser til høyring av 8. september 2025 der Kommunal- og distriktsdepartementet har lagt fram forslag til endring av forskrift om driftstilskot til nasjonale minoriteters organisasjonar.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har ansvar for å forvalte fleire tilskotsordningar til frivillige lag og organisasjonar. Til dette arbeidet ligg blant anna forvaltninga av momskompensasjonsordninga. Vi har også bidratt i arbeidet med revidering av Kultur- og likestillingsdepartementet sin rettleiar [Forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar](#).

Det er positivt å sjå at det er tatt utgangspunkt i rettleiaren ved utforminga av forskrifta. Ein føresetnad for forenkling og gjenbruk av informasjon er at forvaltninga har ei felles forståing av kriterium for tildeling og måloppnåing. Derfor treng vi felles definisjonar. Vi støttar at dykk i ny forskrift bl.a. har presisert kva som ligg i omgrepet fulle demokratiske rettar. Vi gjer derimot merksam på at definisjonen om teljande medlem i § 3 ikkje fullt ut er harmonisert med rettleiaren.

Ved gjennomgang av høyringsnotatet og forslag til ny forskrift har vi fleire forslag til forenkling og presisering. Vi vil utdjupe desse i det følgande.

Forslag til forenkling og presisering

Vi foreslår at det ikkje skal vere krav om at teljande medlem skal vere revisorbekrefta i samsvar med ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlingar, jf. § 5 bokstav d. Krav om avtalte kontrollhandlingar frå revisor i ordningar retta mot frivillige organisasjonar bør vere basert på ei konkret vurdering av risiko og berre brukast i unntakstilfelle. Departementet bør vurdere om eigenerklæring frå organisasjonane kan nyttast istadenfor. Dette vil frigjere ressursar og bevisstgjere organisasjonane på at dei har sendt inn den nødvendige dokumentasjonen. Dersom forvaltaren treng utvida kontroll, kan eigenerklæring kombinerast med stikkprøvekontroll og dialog.

Eit eksempel på ei ordning som brukar eigenerklæring for å dokumentere teljande medlem er Arbeids- og inkluderingsdepartementet si ordning om [tilskudd til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar](#). Bruken av eigenerklæring er foreslått vidareført i [forslag til ny forskrift](#).

Vi støttar at departementet vil gjenbruke årsrapport og revisorbekrefta rekneskap, jf. § 5 femte ledd. Av føresegnet går det derimot fram at årsrapporten og revisorbekrefta rekneskap er levert til Frivilligregisteret. Etter [frivilligregisterlova § 6 tredje ledd](#) kan ein velje å ta på seg ei plikt til å innrapportere rekneskapsopplysningar til **Rekneskapsregisteret**. Det er altså **Rekneskapsregisteret** og ikkje Frivilligregisteret som vil ha dei aktuelle dokumenta. Føresegnet må korrigrast i tråd med dette.

Den 2. juni 2025 vart det gjort [vedtak om ny lov om Einingsregisteret](#) som trer i kraft 1. januar 2026. Av § 2-1 (4) går det fram at offentlege organ «skal» bruke opplysningar som er registeret i Einingsregisteret, i si verksemd. Einingsregisteret er ein nasjonal felleskomponent, og det blir no lovfesta ein plikt til å

gjenbruke opplysningar om bl.a. styret i ein organisasjon. Vi anbefaler derfor at det i søknaden ikkje skal vere eit krav om å gi oversikt over styret i organisasjonen, jf. § 6 andre ledd.

Vi vil også gjere merksam på at det ved [ny revisorlov 1. januar 2021 berre er éin kategori av godkjente revisorar](#). Registrerte revisorar vart då lova trede i kraft, statsautoriserte revisorar. Teksten i § 5 første ledd bokstav c og § 6 tredje ledd bokstav c må endrast i tråd med dette.

Utlysing av tilskotsordninga

Det skal vere lett å vere og drive frivillig. Vi vil derfor avslutningsvis sterkt tilrå at tilskotsordninga blir utlyst på [tilskudd.no](#) (slik den blir i dag) og at dette blir forskriftsfesta. Ei samla oversikt over tilskotsordningane vil spare søkarane for tida det tar å sjekke ulike nettstader og informasjon hos ulike forvaltarar. Vidare vil det sikre at organisasjonane lettare finn dei aktuelle tilskotsordningane.

Utover det ovannemnde har ikkje Lotteri- og stiftelsestilsynet kommentarar til forskrifta.

Med helsing

Marte Nygård Varpe
rådgiver jurist

Marianne Skjeldestad Hove
avdelingsdirektør for frivillighetsstøtte

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur